



Helgesen Tekniske Bygg AS  
Reigstadvegen 1  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/422 - 19/35979

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.12.2019

## Ferdigattest tilbygg/påbygg til næringsbygg - gbnr 108/88 Lindås

### Administrativt vedtak. Saknr: 722/19

**Tiltakshavar:** Goman Lindås AS  
**Ansvarleg søkjar:** Helgesen Tekniske Bygg AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i Plan- og miljøutvalet datert 10.06.16. saknr. 090/15, dispensasjon frå plankrav, rammeløyve datert 15.07.15 og igangsettingsløyve datert 25.08.19. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.12.2019 og supplert 04.12.2019.

Det er i søknad opplyst at ansvarleg porsjekerande og utførande for ventilasjonsanlegg i tiltaket er endra frå Euroklima Norge AS orgnr.: 998427320 er erstatta av Vest Ventilasjon AS orgnr.983929559. Vi legg til grunn at Vest Ventilasjon AS har hatt alt ansvar knytt til PRO/UTF i tiltaket.

### Skildring

Adresse:	Veråsvegen 234
Bygningstiltak:	Riving av delar av eksisterande bygningsmasse samt etablering av Tilbygg/påbygg næringsbygg
Bygningsnummer:	12494998-1
Bruksareal:	Nytt 1045 m <sup>2</sup>

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av delar av eksisterande bygningsmasse samt etablering av tilbygg/påbygg på eigedom gbnr. 108/88.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**



**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/422

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Goman Lindås AS  
Helgesen Tekniske Bygg AS

Veråsvegen 234 5955  
Reigstadvegen 1 5281

LINDÅS  
VALESTRANDSFOSSEN

**Mottakarar:**

Helgesen Tekniske Bygg AS

Reigstadvegen 1 5281

VALESTRANDSFOSSEN